



Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgata 16
5722 DALEKVAM

Vår dato:
18.03.2022

Vår ref:
2022/1352

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Vaksdal kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Vaksdal kommunestyre har i møtet 14.12.2021, sak 111/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Oppsummering

Kommunen har ved inngangen til 2022 tilfredsstillande fri eigenkapital (disposisjonsfond). Dette er framleis ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar, og det er viktig for å sikre handleevna til kommunen framover.

Dei budsjetterte netto driftsresultata ligg over det tilrådde nivået i perioden. Likevel må ein gjennomføre dei planlagde reduksjonane i tenesteeiningane for å oppnå balanse i driftsøkonomien. Demografiske endringar og folketalsnedgang fører til reduserte inntekter, og andre vesentlege inntektskjelder for kommunen er vortne meir usikre.

Det blir lagt opp til betydelege investeringar også i inneverande periode, og Statsforvaltaren er framleis uroa over utviklinga av lånegjelda. Ein stadig større del av inntektene vil i perioden gå med til å dekke auken i renter og avdrag.

Budsjett 2022

Budsjettet er vedteke i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 9,5 mill. kroner, som utgjer 2,26 prosent av brutto driftsinntekter. Kommunen ligg derfor over det tilrådde nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Av overskotet skal 7,55 mill. kroner overførast til investering, og resten skal avsetjast på fond. Det budsjetterte resultat ligg under fjorårets førebelse netto



driftsresultat på 15,5 mill. kroner, som utgjorde 3,3 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet (eks. Oslo) er på 4,2 prosent for 2021.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med oppdatert KS-prognosemodell med skattetal frå 2021, viser at kommunen har budsjettert noko lågare enn prognosane i modellen med om lag 1 mill. kroner.

Andre budsjetterte sentrale inntekter viser ein nedgang i eigedomsskatten mest som følgje av endringar knytt til berekning av eigedomsskatt for kraftverk, med om lag 2 mill. kroner. Inntekter frå sal av konsesjonskraft aukar i 2022 på grunn av høg kraftpris, men prognosane viser ein nedgang vidare i perioden.

Disposisjonsfondet utgjer 103,8 mill. kroner ved utgangen av 2021, som tilsvarer 22 prosent av brutto inntekter og ligg godt over det tilrådde nivået.

Kommunen har vedteke investeringar i driftsmiddel for 85,05 mill. kroner. Av dette utgjer 9 mill. kroner investeringar i vatn og avlaup som er avgiftsfinansierte investeringar. 59,02 mill. kroner skal finansierast ved opptak av nye lån. Dei største investeringane er til nytt helsehus og nybygg Vaksdal skule. Opptak av lån frå Husbanken til vidareformidling utgjer 6 mill. kroner.

Den langsiktige gjelda vil utgjere 688 mill. kroner ved utgangen av året, noko som utgjer om lag 162 prosent av brutto inntekter. Ved utgangen av 2021 utgjorde den langsiktige gjelta om lag 656 mill. kroner, som tilsvasar 139,3 prosent av inntektene.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løvningar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I planperioden viser sum driftsinntekter ein nedgang frå 2022 og utover i perioden spesielt grunna nedgang i inntekter frå sal av konsesjonskraft. Det er og lagt inn reduksjonar i utgiftsnivået i perioden. Netto driftsresultat for perioden 2023 – 2025 viser eit mindreforbruk på 12,5 mill. kroner i 2023, og om lag 11 mill. kroner dei to siste åra i perioden. Dette tilsvasar eit netto driftsresultat i prosent av brutto inntekter på 2,99 prosent i 2023, og 2,64 og 2,66 prosent i dei to siste åra. 7 mill. kroner skal overførast til investering i 2023, og 6 mill. kroner dei to siste åra. Resten av mindreforbruket skal godskrivast fond kvart år.

Overføringar til tenesteeiningane viser ein auke i overføringane frå 2021 til 2022 delvis grunna organisatoriske endringar internt. Elles blir perioden planlagt med små reduksjonar i drifta til alle tenesteområda for kvart år.

Det er planlagt investeringar for om lag 208 mill. kroner for perioden samla. Dei største satsingane finn ein innanfor helse og omsorg med nytt helsehus, innanfor skule med nybygg ved Vaksdal skule, og vedlikehold og div. investeringar i kommunale bygg. I tillegg ligg det inne vidare utbygging av Tettaneset bustadområde. Samla låneopptak til driftsmidlar utgjer om lag 142 mill. kroner i perioden. Gjelta vil auke i 2022 og 2023, men meir moderate låneopptak dei to siste åra gjer at ein ved utgangen av perioden vil ha ei langsiktig gjeld på 687 mill. kroner, om lag som ved utgangen av 2022. Gjelta vil då utgjere omlag 165 prosent av brutto inntekter, noko som likevel er høgt.



Renteutgifter og avdrag på lån vil auke frå om lag 44,6 mill. kroner i 2022 til om lag 48,11 mill. kroner i 2025. Det er lagt inn ei snittrente frå 1,48 til 2 prosent i løpet av perioden.

Folketalet i kommunen har gått ned siste året med 27 personar til 3 913 innbyggjarar. Det er størst nedgang i dei yngre årsklassane. Utgiftsbehovet for kommunen går då ned, og kommunen får mindre overført i utgiftsutjamninga.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Vaksdal kommunestyre har vedteke følgjande måltal i prosent av brutto inntekter:

	mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	1,75 %	2,26 %	2,99 %	2,64 %	2,66 %
Langsiktig gjeld	Netto gjeld lik landssnittet	162,6 %	169,5 %	169,3 %	165,8 %
Disposisjonsfond	10 %	Ikkje vist	Ikkje vist	Ikkje vist	Ikkje vist

Det går ikkje fram korleis disposisjonsfondet utviklar seg i perioden, og dette må innarbeidast i dokumenta for seinare år. Utifrå dei økonomiske oversiktane skal disposisjonsfondet auke for kvart år i perioden. Dei førebelse tala frå 2021 viser at disposisjonsfondet ligg godt over det tilrådde nivået for kommunane. Netto driftsresultat ligg over det tilrådde nivået på 1,75 prosent i alle år.

Den langsiktige gjelda er høg, og ligg godt over snittet for landet. Førebelse tal frå 2021 viser at langsiktig gjeld utgjorde 114,9 prosent som snitt for kommunane i landet utanom Oslo. Kommunen når derfor ikkje målet sitt om ei netto gjeld lik landssnittet i denne perioden, og ligg godt over denne målsetjinga.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har ved inngangen til 2022 tilfredsstillande fri eigenkapital (disposisjonsfond). Dette er framleis ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar, og det er viktig for å sikre handleevna til kommunen framover.

Dei budsjetterte netto driftsresultata ligg over det anbefalte nivået i perioden. Likevel må ein gjennomføre dei planlagde reduksjonane i tenesteeiningane for å oppnå balanse i driftsøkonomien. Demografiske endringar og folketalsnedgang fører til reduserte inntekter, og andre vesentlege inntektskjelder for kommunen er vortne meir usikre.

Det blir lagt opp til betydelege investeringar også i inneverande periode, og Statsforvaltaren er framleis uroa over utviklinga av lånegjelda. Ein stadig større del av inntektene vil i perioden gå med til å dekke auken i renter og avdrag. Det blir mindre att til å oppretthalde eit godt tenestenivå, og handlingsrommet blir svekt. Det er positivt at ein legg opp til å overføre meir av driftsmidlane til å finansiere delar av investeringane, for å unngå lånepoptak og samtidig redusere prosentdelen av lånegjelda.



Budsjett- og økonomiplandokumenta er elles informative og oversiktlege, og det er positivt at kommunen legg berekraftsmåla til grunn ved utarbeiding av mål og tiltak i tenesteområda.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent